

Eg spyr deg broremann

Tone: For Norge kjempers fødeland

1) Eg spyr deg broremanm um du hev
den stakkarskapen grunna
at menn so har i sut aa stræv
gjort alt det godt dei kunnav
skal daa naar dei er slitne ut
so bala ilt, aa tørt i sut
for ditta eina herre Gud
seg burt fra verdi stunna

2) Eit bondenamn er lite værd
aa mager bondens æra
um mestatil de undar gjerd
dei her i live gjeva
men naar det lydar inspektør
aa jau, daa brest det aa vert smør
eit hjartelag aa slikt gehør
so ein maa undra væra

3) Han Sjur aa eg me kom aa bu
so nær at me var granna
han Sjur va lærar, du! aa du
han skulle vore anna
naar eg mi greip aa skuffel tok
aa bar paa moll so beini skok
daa gjekk han Sjur med stokk aa bok
eg skulle gjort da sama

4) Eg fjelga husi, gar aa grunn
eg pløgde aa eg saadde
eg nytta ut kvar bidig stund
tok i da eg formaadde
han Sjur meg vitkja av aa te
med bok i handa, røykjande
aa skraai myllom mumlan me
han hausta der han saadde

5) Da gjekk no vesalt med han Sjur
med hus aa jorastelle
gjekk mykje tid i røyk aa lur
aa meir so lettleg felle
men eg so altid tungt det tok
las aag igjennom mang ei bok
attaat eg bøtte sjøl mi brok
aa laga joravelle

6) So kvitna til baa haar aa skjegg
paa baate meg aa Sjuren
eg var no ratt utsliten eg,
men han vart lika kuren
eg vart so ør, aa jamleg sjuk
eg laut begjeva gar aa bruk
so vart han Sjur en større kruk
so jamleg døs aa dusen

7) Men no da sa seg sjøle da
han Sjur laut aag begjeva
men endaa krave paa os va
kva av me skulle leva
eg kjøpte garen av han far
tok paa meg det han skuldig var
so skatt aa skuld aa rente har
so jamt gjort meg bedrøva

8) Han Sjur fekk pangsjon, kva fekk eg
med posen aa me staven
han Sjur so gildt kan kosa seg
men eg den arme traven
no set eg fram den spurnad her
um bondestanden er os kjær
so var me beggje lika nær
aa faa av denne gaven

9) Det gildast er seg sjøl aa fø
av eget slæp seg næra
men daa du kom til lida nød
so ingjen ting faar gjera
so mang ein sjuk aa helseklein
med verk i blo i kjøt aa bein
aa vitlaus hev me mangen ein
her maa ein hjelpsam væra

10) No statsmenn fjelg, fjelg um einkvar
so gjenge bøygd av møda
del braudet rett, ein hev ansvar
for deim som mangla føda
sjaa paa den norske bondestand
kva han hev gjort, kva gjere han
for arbeidskvinna, arbeidsmann
ein brest aa saar maa grøda